

Karmøy kommune

Pb. 167

4291 Kopervik

Dykkar ref.:

23/5828Dato: **04.07.2023**Saksnr.: **2023/44650**Dok.nr.: **3**

Saksbehandlar:

Angunn Skeiseid

Karmøy kommune - gnr 86 bnr 23 - dispensasjon - oppføring av to lagerhallar - søknad til uttale – fråsegn vedrørande kulturminne

Fylkesdirektøren viser til søknad om oppføring av to lagerhallar på gnr 86 bnr 23, tomt C1, i Karmøy kommune. Området er regulert til industri i plan 488 – trafikkhavn Veldeøyene.

Fylkesdirektøren, ved seksjon for kulturarv, har vurdert søknaden som sektormyndigheit innanfor kulturminnevern. Når det gjeld dispensasjonssøknader på Husøy/Stutøy vurderer vi desse særleg med omsyn til moglege, negative verknader for det kulturhistorisk viktige kulturmiljøet på Avaldsnes.

Vurdering

Dei to lagerhallane er søkt oppført i eit område som er regulert til industri i den gjeldande reguleringsplanen. Det er søkt om dispensasjon frå tre forhold som i dette tilfellet ikkje berører vårt myndighetsområde.

Det gjekk likevel ikkje klart fram av søknaden kva høgda på desse lagerhallane var, noko vi no har fått klarheit i. Lagerhallane har ei høgde på 13,7 meter, jf. e-post frå Karmøy kommune 04.07.2023, og er såleis i tråd med planføresegnene, jf §9, der høgda er sett til 15 meter.

Fylkesdirektøren har dermed ingen merknader til søknaden og ei eventuell vidare oppføring av lagerhallar her.

Helsing
Jan G. Auestad
fylkeskonservator

Angunn Skeiseid
spesialrådgjevar

Kopi til: Statsforvaltaren i Rogaland

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennleg å oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.